
*Bjørn, Finland. Foto: Tor Arne Vinje*

# Farvel til ein Oslo-praksis

Tannlege Helge Årøen (Oslokullet, 1963)

*Ja.*
*Det var det.*

*Eg stengjer sakte døra.*
*No har eg trekt mi siste visdomstann.*
*Her har eg møtt så mange rare vans-*
*kar.*
*Eg prøvde då å hjelpe*
*det eg vann.*

*Eg fylte fyrste tann i nittenseksti.*
*Eg minnast stunda som var det i dag.*
*Eg hugsar frøken Berg i rutet kjole.*
*Så tillitsfull og grei.*
*Vi var på lag.*

*Så måtte mine eigne tenner vølast.*
*Eg fekk inn berre gull og det var bra.*
*For gullet vil visst fylgje meg i grava.*
*Eg fekk nok alt det beste*
*som dei sa.*

*Eg hadde gode år i Groruddalen.*
*Eg bygde opp ein praksis*
*tann for tann.*
*Og det var bra å «bu» i*
*Geitmyrsvegen,*
*og kjenne gleda over det*
*ein fagmann kan.*

*Men tida går*
*og livet vart så stutt.*

*Eg skulle helst ha samla solskinsdagar*
*og arbeidt i ein praksis*
*utan slutt.*